

# Blikk for alle – fokus på den enkelte



# Innhold

Auka læringsutbytte og fullføring .....	2
Identifikasjon og kartlegging .....	4
Systematisk arbeid med læringsmiljø .....	7
Kjelder til informasjon .....	9

# Auka læringsutbytte og fullføring

All pedagogisk verksemd ved skulane skal bygge opp under hovudmålet. Frå klasserom og verkstad til kontor og andre arenaer skal vi følgje opp kva elevane skal lære, vite kva dei har lært og kva ein gjer når dei ikkje lærer det som er forventa til ulike tidspunkt.

Ny GIV - overgangsprosjekt vart formelt avslutta ved utgangen av 2013. SSB-tala som nyleg vart offentlege, viser at andelen som har gjennomført vidaregåande opplæring har auka frå 69,7% til 71%. Det er gledeleg å sjå at den negative utviklinga frå 2012/13 kan vere snudd.

Det er no tid for ei sterkare leiarforankring av innsatsen på alle nivå for å sikre at den gode utviklinga blir forsterka framover. Med styrka innsats forstår vi:

- Tidleg og systematisk innsats for å identifisere elevar som står i fare for å ikkje fullføre.
- Tett oppfølging og tilpassa opplæring med fokus på meistring og motivasjon.

Ny GIV - overgangsprosjektet har gitt interessante erfaringar og ny kunnskap nasjonalt og lokalt. Felles for mange skular er at Ny GIV-metodikken etter kvart får eit betre og breiare fotfeste. Det er større medvit kring pedagogikk og læringsmetodar. Her i Hordaland har mange skular prøvd ut modellar med studieverkstad og intensivundervisning. Eit utval lærarar frå alle skulane har delteke på kompetansehevingskurs med fokus på grunnleggjande ferdigheiter og praksisnære læringsstrategiar i fag. Gjennom statistikkprosjektet har vi fått auka kompetanse og innsikt i utfordringar kring registrering av påliteleg informasjon knytt til gjennomføring. Evalueringsrapportar av Ny GIV har ført til at vi veit meir om kva indikatorar vi må vere merksame på dersom vi skal lykkast med å få ned fråfallsstatistikken.

Korleis kan leiinga sikre at heile organisasjonen vert mobilisert for å identifisere og følgje opp elevar som treng ekstra støtte for å lykkast i vidaregåande skule?<sup>1</sup> Leiinga spelar ei nøkkelrolle i arbeidet med å sjå til at informasjon frå mange kjelder vert nytta systematisk for å bli kjend med den elevgruppa dei til ein kvar tid har ansvar for ved skulen. Det krev at leiargruppa, ressursteamet, klasselærarrådet m.m. arbeider systematisk for å sjå til at dei tidleg skaffar seg god informasjon om elevar ut frå inntaksindikatorar eller andre indikatorar gjennom året. Kva veit vi om elevane sin læringssituasjon og læringsutbytte? Korleis sikrar vi at informasjon vert delt og følgt opp til beste for eleven? Det er leiinga sitt ansvar å sjå til at desse spørsmåla gjennomsyrrar møtearenaene ved skulen.

Leiinga må særleg sjå til at skulen har eit effektivt system for tidleg identifisering og tett oppfølging av:

- elevar med informasjonsskjema
- elevar med låge inntakspoeng
- elevar som gjer omval
- elevar som har stryk/IV frå tidlegare år
- elevar sitt fråver
- elevar som får stryk/IV til første termin

Med system forstår vi at skulen har t.d. årshjul, rutinar, handlingsplanar og møteplanar som er kjent for alle og som har som mål å sikre at alle drar i same retning for å auke gjennomføringa.

Ved skular som har oppnådd særleg gode resultat gjennom Ny GIV-prosjektet, ser vi at forankring på skuleleiarnivået har vore avgjerande. Dei tema som skuleleiarane etterspør og set på dagsorden, styrer merksemda i resten av organisasjonen. Rektor ved ein skule i Oslo med over 90% prosent gjennomføring sa det slik då rektorar frå HFK møtte henne våren 2014: «Når eg veit, så veit avdelingsleiarane og når

<sup>1</sup> Meir om utvikling av det profesjonelle læringsfellesskapet: <http://www.udir.no/Laringsmiljo/Bedre-laringsmiljo/Organisasjon-og-ledelse/Det-profesjonelle-laringsfellesskap-1/Alle-elever-skal-ha-et-hoyest-mulig-laringsutbytte-ut-fra-forutsetningene/>

avdelingsleiarane veit, så veit lærarane». Når ein på alle nivå etterspør og har god oversikt over enkeltelevar, så sikrar rektor at heile organisasjonen arbeider systematisk for å fange opp og setje i verk tiltak overfor elevar som treng oppfølging av ymse slag. I tillegg forklarte ho at skulen arbeider målretta med nærværsfaktorar for å skape eit godt læringsmiljø.

Sjølv om Ny GIV-prosjektet formelt er avslutta, vil satsinga på auka gjennomføring i vidaregåande opplæring halde fram med styrka fokus og innsats. Når vi no står framfor eit nytt skuleår med inntak av elevar til vidaregåande skule, signaliserer vi med dette ei forventning om at alle skuleleiarar i HFK gjennomgår og vurderer kva system skulen har i dag for å sikre tidleg identifisering, kartlegging og oppfølging av elevar som kan vere i faresona og som kan trenge tilrettelegging for å lykkast. Vi har i dag mange informasjonskjelder som er vesentlege for at skulen skal kome tidleg på bana og legge til rette for eit godt læringsløp for elevane. Det er leiinga som må sjå til at informasjon blir delt og nytta til beste for eleven. Grundig analyse av inntaksdata er likevel ikkje nok i seg sjølv til å fange opp alle elevane som kan få problem med å gjennomføre. Det er difor viktig å ha system for kontinuerleg identifisering og oppfølging av elevar gjennom skuleåret.

Dette dokumentet er først og fremst meint til å peike på viktige område som har kome fram gjennom Ny GIV-satsinga. Det skal vere til inspirasjon og rettleiing for korleis skulane kan oppfylle forventningane til tidleg identifikasjon, kartlegging og tett oppfølging av elevane.

Bergen, 12. august 2014



---

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

# Identifikasjon og kartlegging

## *Korleis arbeider skulen din for å sikre god informasjon om elevar på eit tidleg tidspunkt?*

Erfaringar frå Ny Giv har vist at gjennom ei styrking av dialogen mellom ungdomsskule og vidaregåande skule vil ein kunne identifisere elevar som treng ekstra oppfølging i overgangen mellom skuleslaga.

Skulen må i god tid innan skulestart ha ein plan for kartlegging og oppfølging av

- elevar med informasjonsskjema
- elevar med låge inntakspoeng
- elevar som har følgd Ny GIV- opplegg i grunnskulen
- omvalselevar
- elevar med anna morsmål enn norsk
- elevar som har fått 1 eller IV ved lågare trinn i vidaregåande opplæring

Planen må innehalde fordeling av roller og ansvar.

### Inntakslistene

Inntakslistene er eit godt hjelpemiddel for tidleg identifikasjon. Her finn ein mykje nyttig informasjon til pedagogisk bruk og førebyggjande arbeid. Sjå eiga rettleiing bak i heftet.

### Elevar som gjer omval

Hordaland fylkeskommune vil ha auka fokus på elevar som gjer omval framover, dels for å førebygge omval gjennom skuleinterne tiltak og dels for å bryte den vonde sirkelen nokre elevar er inne i.

Vi har ikkje eksakt kunnskap om årsakene til at elevane gjer omval, men det er generell grunn til å tru at mange som gjer omval ikkje har opplevd meistring innan det utdanningsprogrammet dei har valt. Tilstandsrapporten viser at elevar i omvalsgruppa gjennomgåande har større fråvær og lågare meistringsfølelse enn andre elevar. Identifisering og oppfølging av elevar som gjer omval er difor viktig i vidaregåande opplæring.

Omval kan sjølvsagt vere eit positivt og naudsynt tiltak for eleven, men det er viktig at eleven har gode og gjennomtenkte grunnar for skiftet.

### Informasjon til elevane før skulestart

Når skulen i god tid før skulestart informerer dei nye elevane om kva dei kan forvente å møte ved skulestart, kan dette vere til stor hjelp for elevar som treng ekstra tryggleik og støtte i overgangen til ny skule.

### På inntakslistene finst det til dømes informasjon om

- grunnskulepoeng
- søknadsprioritet
- morsmål
- reiseveg/bortebuar
- omval

### Fokus på elevar som gjer omval:

- Identifisering på inntakslistene
- Kartlegging av årsak til omval bør vere tema i startamtalen
- Tett oppfølging av elevane ved skulestart
- Auka rådgjeving til elevar som i skulestarten er usikre på om programvalet er rett

## Elevar med karakteren 1/IV på lågare kursnivå

Kvart år ser vi at elevar stryk i fag til eksamen trass i at dei har bestått standpunktarakter. Det er avgjevarskulen som er ansvarleg for informasjon og oppmelding til ny eksamen for elevane. Vi ser at det er ulikt kor tett og systematisk skulane kartlegg og følgjer opp elevar som har stroke til eksamen. Å stryke til eksamen kan kjennast svært belastande for ungdommane. Dei kan føle seg usikre og redde for å mislykkast fleire gonger. I tillegg veit dei kanskje ikkje heilt kva dei kan gjere for å vere betre budd til ein ny eksamen. Dette fører til at nokre elevar ikkje stiller til ny eksamen og vel å utsette problemet. For å auke gjennomføringa i vidaregåande skule kan eit viktig tiltak vere å sikre at desse elevane blir følgde opp gjennom personleg kontakt for å sjå til at elevane får rettleiing og støtte til å gå opp til eksamen på nytt.

Når det gjeld stryk og IV til standpunkt, så kan det vere nyttig å ha rutinar for å sikre at kontaktlærer har oversikt over dette ved skulestart og kan følgje det opp i dialog med elevane.

I fag med høg strykprosent, som t.d. matematikk, kan tilbod om intensivundervisning før ny eksamen vere naudsynt. Utprøving av ulike modellar for intensivundervisning er eit satsingsområde nasjonalt og i HFK, og det vert også i år tildelt midlar til skular som prøver ut slike ordningar.

## Startsamtale

Når elevane har begynt på skulen, skal startsamtalet gjennomførast i løpet av dei to første skulevekene. Startsamtalet har mellom anna som mål å kartlegge eleven sine forventingar til vidaregåande opplæring, framtdsplanar, bakgrunn for val av studieretning, arbeidsvanar og læring. I tillegg kan det vere viktig at elevar som har gjort omval eller som ikkje har fått innfridd primærønsket sitt, får høve til å reflektere kring kriterium for å lykkast. Mange skular har gode erfaringar med å invitere føresette med til samtalen.

## Kartlegging i fag

Formålet med kartlegging er å få eit betre fagleg og pedagogisk grunnlag for å organisere opplæringa og tilpasse ho til den enkelte eleven.

Det er skulen sitt ansvar å sikre at det vert gjennomført hensiktsmessig kartlegging av elevane sine grunnleggande ferdigheiter i fag. Dei obligatoriske kartleggingsprøvene i leseferdigheit og i rekning på Vg1 skal vise dei grunnleggande ferdigheitene som er naudsynte for å tileigne seg kompetanse i alle fag.

Norske og internasjonale studiar viser at vurdering for læring (formativ vurdering) er ein av dei mest effektive måtane å styrke

## Sommarskule i matematikk og norsk

Hordaland fylkeskommune samarbeider med Røde Kors om å arrangere sommarskule for elevar som manglar grunnlag i matematikk og norsk. Opplæringa varer i 2 veker og vert avslutta med eksamen.



Frå sommarskulen 2014

## Startsamtale med minoritetsspråklege elevar

Det er mykje å setje seg inn i som ny elev på ny skule. Nokre minoritetsspråklege elevar med kort butid vil trenge ekstra oppfølging. Skulestarten kan bli lettare dersom skulane gjennomfører startsamtalet med føresette og tolk til stade. Mal for startsamtalet er oversett til tolv språk og finst på følgjande lenkje på intranettet:


<http://innsida.hfk.no/Skule/Startsamtaler-minoritetsspraklege/>



elevane sitt utbytte av opplæringa på, og deira mogelegheiter til å lære.<sup>2</sup> Gjennom arbeidet med vurdering for læring får ein kartlagt kva eleven forstår, og eleven får kontinuerleg rettleiing gjennom dialog og refleksjon mellom lærar og elev.

### Elevar med høgt fråvær

Fråvær kan vere ein av dei første indikatorane på mistrivsel og kan føre til manglande meistring. Vi ser at mange skulesluttarar har høgt fråvær som sluttårsak. Når skular har eit godt system for å fange tidleg opp og undersøke årsaker til fråvær, kan det auke sjansen for at eleven vil klare å gjennomføre eit resultatgjevande utdanningsløp.



<sup>2</sup> [www.udir.no](http://www.udir.no) «Vurdering for læring»

# Systematisk arbeid med læringsmiljø

## Korleis arbeider skulen din for å fremje meistring, læring og gjennomføring for den enkelte elev?

Hovuddelen av elevane i den vidaregåande skulen har eit godt læringsutbytte og opplever meistring. På skulane er det iverksett mange tiltak som fangar opp ein del av dei elevane som treng støtte, jf. inspirasjonsheftet «Det nytter». Heftet kan lastast ned frå <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/opplaering/Satsing-mot-fracfall/>.

### Nærværsfaktorane

Det er viktig at nærværsfaktorane på skulen og i opplæringa er sterke og reelle. Elevane skal glede seg til å gå på skulen og dei skal møte ei opplæring som stimulerer til lærelyst<sup>3</sup>. Arbeidet med nærværsfaktorane vil styrke læringsmiljøet og erfaringar viser at sterkt fokus i skulestartperioden vil gi effekt gjennom skuleåret. Positive relasjonar mellom lærarar og elevar er hjørnesteinen i læringsarbeidet.

På <http://www.udir.no/Laringsmiljo/> finst det mange gode forslag til korleis skulen kan arbeide med læringsmiljøet, samt gode koplingar til § 9a.

### Fokus på den enkelte

Erfaringar frå Ny GIV har vist at undervisning som tar utgangspunkt i den enkelte elev sitt behov og ståstad med vekt på gode strategiar for tilnærming til fagstoff, gir god effekt på eleven sin motivasjon, meistring og læringsutbytte. Dette er ofte omtala som Ny GIV-metodikk. Eit utval lærarar frå alle dei vidaregåande skulane i HFK har delteke på kompetansehevingskurs i Ny GIV-metodikken.

Sjølv om elevane har fått lang og god trening i val av metodar og læringsstrategiar i grunnskulen, viser det seg at det er naudsynt med oppfrisking når dei kjem til vidaregåande skule. Fleire vidaregåande skular tilbyr intensivkurs i studieteknikk og deltaking i mindre grupper på til dømes studieverkstad.

Elevar som ikkje lykkast i vidaregåande opplæring, er ei samansett gruppe og er omtala i mange rapportar og statistikkar. Det er ulike tiltak som kan setjast i verk for å redusere fråfall i skulen, men det er viktig at tiltaka er realistiske slik at skulen har føresetnad for å kunne implementere dei.

### Opplæringslova § 9a–4

«Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet»

### Nærværsfaktorane handlar om

- å skape meistringsopplevingar
- å tilpasse undervisninga til den enkelte sitt behov og mogelegheiter
- å sørgje for ei motiverande opplæring
- å følgje opp elevane individuelt
- å utvikle vennskap, tryggleik og tilhørsle gjennom å skape eit godt klassemiljø
- å sørgje for støtte frå vaksenpersonar i skulen



<sup>3</sup> «Tiltak mot fracfall i videregående opplæring» PEDLEX 2012



Arbeidet med å nå målet om auka fullføring og læringsutbytte må vere langsiktig for å oppnå varig og god effekt. Gode resultat oppnår vi når tiltaka er godt implementert, og god implementering kviler på godt samarbeid og god dialog mellom dei ulike aktørane i skulen.

### Samarbeid med heimen

Godt samarbeid mellom skule (kontaktlærar) og føresette er ein grunnleggjande faktor for å fremje eit godt læringsmiljø. Det er viktig at heimen og skulen viser dei same positive forventningane til eleven og at forventningane er tilpassa eleven sine føresetnader.<sup>4</sup> Forskrift til opplæringslova § 20-1 Formålet med foreldresamarbeid: «Skolen skal sørge for samarbeid med heimen, jf. opplæringslova §§ 1-1 og 13-3d. Foreldresamarbeid skal bidra til eleven si faglege og sosiale utvikling. Eit godt foreldresamarbeid er ein viktig ressurs for skolen mellom anna for å styrkje utviklinga av gode læringsmiljø og skape læringsresultat som fører til at fleire fullfører vidaregåande opplæring.»

### Avklaringsamtalen

Føremålet med avklaringsamtalen er å legge til rette for ei tidlegare og meir forpliktande oppfølging av ungdom som kan falle ut av opplæring og arbeid, samt avklare roller og ansvarsforhold for det vidare oppfølgingsarbeidet. Samtalen skal vere motiverande og realitetsorienterande, og eleven skal få rettleiing og informasjon om dei moglegheitene som finst. Ansvaret for å gjennomføre denne samtalen ligg på skulen.

I NIFU sin rapport 6/2012 « Å redusere bortvalg – bare skolenes ansvar?» beskriv Eifred Markussen at 42% av skulesluttarane i Akershus har gitt opp andre sluttårsakar enn skulerelaterte. Hordaland ligg over landssnittet når det gjeld skulesluttarar. Det å bestemme seg for å slutte på skulen må vere resultat av kloke vurderingar. Avklaringsamtalen er viktig i denne prosessen og må hjelpe eleven til å ta gjennomtenkte beslutningar i høve til verdig overgang til annan aktivitet.



### Deltakarar i avklaringsamtalen:

- eleven
- skulen v/leinga
- føresett (for elevar under 18)
- oppfølgingstenesta (OT)

Rådgjevar, kontaktlærar eller andre instansar kan delta etter behov.



<sup>4</sup> <http://www.udir.no/Laringsmiljo/Fem-grunnleggende-forhold/4-Godt-samarbeid-mellom-skole-og-hjem/>

# Kjelder til informasjon

## Inntakslister frå inntakskontoret

**Adresse**  
fortel om reiseveg /evt.  
bortebuar.

**Kolonnen Ø**  
viser kva prioritett  
skuleplassen har for eleven.  
1 betyr at dette er eleven sitt  
førsteval.

**Poengsum**  
t.d. 238 viser at eleven er  
rettselev frå Hordaland med  
3.8 i snitt.

Skoleår: 2014/2015

### 2R016 Inntaks- og ventelister

#### INNTAKSLISTE

#### SSSSA1---- Service og samferdsel

R Refnr	Fødselsnr	Navn og adresse	Telefon	Mobil	Kom	Avgjevar	Mor	V	Fs1	Fs2	1	2	3	4	5	6	7	8	9	0	Ø	V	Poeng	Tilb.d	
x049833	AA	5427 Urangsvåg			1219 12550	GSGSK0	000		SP	SP												1	0	236,40	04.03
x109944	AA	5440 Mosterhamr			1219 12550	GSGSK0	000		FE	TY												1	0	235,70	04.03
x079227	AA	5427 Urangsvåg			1219 12010	STREA2	005			A												1	0	200,00	04.03
x089888	AA	5427 Urangsvåg			1219 12550	GSGSK0	000		SP	SP												1	0	229,30	04.03
x078534	AA	5430 Bremnes			1219		019															2	0	200,00	04.03
x089843	AA	5419 Filjar			1222 12565	GSGSK0	000		FE													1	0	238,60	04.03
x029640	AA	5412 Sturd			1221 12270	OSUT	000		TY	TY												2	0	227,50	04.03
x109620	AA	5554 Valevåg			1216 00349	NAAID2	000		FE													2	0	223,10	04.03
x039820	AA	5419 Filjar			1222 12565	GSGSK0	000		FE													1	0	240,90	04.03
x079720	AA	5427 Urangsvåg			1219 x		125															1	0	200,00	04.03
x079899	AA	5440 Mosterhamr			1219 24999	GSGSK0	000															2	0	200,00	04.03
x039846	AA	5437 Finnas			1219 12550	GSGSK0	000		SP													0	0	233,60	04.03
x108945	AA	5430 Bremnes			1219 x		000															3	0	228,70	04.03
x059833	AA	5443 Bømlo			1219 12555	GSGSK0	000		FE													1	0	233,60	04.03
x059848	AA	5443 Bømlo			1219 12555	GSGSK0	000		FR	FR												1	0	240,70	04.03
Søkere:	15	U: 13	V: 0	F: 0	I: 2	Eget fylke:	15	U: 13	V: 0	F: 0	I: 2	Laveste										U	V	F	
Primær:	10	U: 10	V: 0	F: 0	I: 0	Eget fylke:	10	U: 10	V: 0	F: 0	I: 0	poengsum:										200,00	999,99	999,99	
Plasser:	15	U: 13	V: 0	F: 0	I: 2																				
Ledige:	0	U: 0	V: 0	F: 0	I: 0																				
Solgte:	0																								
Reserve:	0																								


**Fødselsnummer**  
I 2014 kjem elevane med  
fødselsår 1998 direkte frå  
ungdomsskulen.

**Avgjevar**  
GSGSK0 er elevar direkte  
frå ungdomsskulen.  
  
Her blir elevar som gjer  
omval identifisert.

**Morsmål**  
Tal større  
enn 0 viser  
til eit anna  
morsmål  
enn norsk.

**Kolonne 9 = T**  
viser elevar med  
informasjonsskjema  
(tidlegare melde-  
skjema)


I Extens finn ein informasjon om kva for elevar som har fått intensiv undervisning på 10. trinn.



# www.skoleporten.no

Ein del informasjon er tilgjengeleg for alle, og ved pålogging med tildelt brukarnamn og passord får skulen tilgang til meir utfyllande informasjon.

Utdanningsdirektoratet   Skoleporten		Tall og indikatorer		Verktøy	
Grunnskole		Videregående skole		Fag- og yrkesopplæring	
Oversikt	Fakta om opplæringa	Læringsmiljø	Læringsresultater	Ressurser	Gjennomføring
Her finner du tall og indikatorer fra utvalgte områder	Elevlar, lærarar, skolar	Elevundersøkelsen 2007-2012	Standpunkt fellesfag	Undervisningspersonell	Gjennomføring
	Talet på elevlar fellesfag	Elevundersøkelsen - deltagelse	Standpunkt programfag	Økonomi	Gjennomføring (R94)
	Talet på elevlar programfag		Eksamen fellesfag		Overgangar
		Gamle elevundersøkelsen	Eksamen programfag		Fråfall
				Slutta	



# Puls

PULS er eit godt verktøy til planlegging av skulestart og til oppfølging gjennom skuleåret.

<https://puls.conexus.no/fylke/default.aspx>

Startside   Kvalitetsbeskrivelse   Tiltaksbeskrivelse   Brukere   Om portalen   Grunnlagsrapport   ?

Viktig informasjon

- > Prosessdesign
- > PULS-prosesser
- Importregler
- Skoleeiers utviklingsplan**
- ✓ Indikatorer
  - > Forutsetninger
  - > Læringsmiljø
  - > Læringsresultater
  - > Gjennomføring
  - > Profesjonsutvikling

Utvalg	År	Prikket	Sist oppdatert
Hordaland (13-14)	13-14		30.04.2014
Hordaland - VG1 (13-14)	13-14		30.04.2014
Hordaland - VG2 (13-14)	13-14		30.04.2014
Hordaland - VG3 (13-14)	13-14		30.04.2014

### Skoleeiers utviklingsplan

Gjennomsnitt karakterpoengsum	40,4	39,0	40,3	42,7
1 Høy kompetanse (>= 50 poeng)	14,4 %	12,3 %	13,8 %	17,8 %
2 God kompetanse (40,0 - < 50 poeng)	41,5 %	36,7 %	40,4 %	50,2 %
3 Grunnleggende kompetanse (30 - < 40 poeng)	32,2 %	34,6 %	34,0 %	26,4 %
4 Enkel kompetanse (< 30 poeng) (I faresonen)	11,9 %	16,4 %	11,7 %	5,6 %

Hovedresultater	Hordaland (13-14)	Hordaland - VG1 (13-14)	Hordaland - VG2 (13-14)	Hordaland - VG3 (13-14)
Samleindeks	-	-	-	-
Indeks fullført og bestått	77,0 (N= 5 437)	58,3 (N= 1 411)	75,3 (N= 1 455)	88,3 (N= 2 562)
Indeks ikke sluttet	95,0 (N= 17 652)	93,6 (N= 7 197)	95,8 (N= 6 065)	96,3 (N= 4 294)
Indeks karakterutvikling	-0,3 (N= 15 153)	-0,2 (N= 5 686)	-0,2 (N= 5 546)	-0,5 (N= 3 852)



